



Møtebok
for
Næringsfondsstyret

Møtedato: 24.05.2018
Møtestad: Konferansesalen
Møtetid: 09:00 - 09:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalseiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
007/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/2018	Godkjenning av møtebok
009/2018	Orienteringssaker
010/2018	Framlegg til vedtak - søknad om utvikling av kompetanseområde for småskala fornybar energi, Nøttveit næringsbygg.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/160

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2018	Næringsfondsstyret	PS	24.05.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 007/2018

NF - behandling:

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/160

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2018	Næringsfondsstyret	PS	24.05.2018

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 008/2018

NF - behandling:

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 06.03.2018

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/160

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2018	Næringsfondsstyret	PS	24.05.2018

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 009/2018

NF - behandling:

Ass. rådmann Ove sæbø orienterte om saker som har blitt handsama administrativt sidan førre møte i næringsfondsstyret.

- Søknad frå Ivan Peykov om tilskot til produksjonsutstyr for sølvdeler, samt investering i salsvogn for fish'n chips. Søknaden vart avslått.

- Søknad frå Jan R. Myking om tilskot til marknadsavklaring om mogleg båtrute langs Osterfjorden. Søknaden vart innvilga med kr. 20 000,- i tilskot.

- Søknad frå Jan R. Myking om tilskot til marknadsavklaring om mogleg fjordcruiseidè på Osterfjorden. Søknaden vart innvilga med kr. 10 000,- i tilskot.

- Søknad frå Espen Fagerbakke og Silje Holme om tilskot til kjøp av nytt hus i Modalen. Søknaden vart innvilga med kr. 100 000,- i tilskot.

NF - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223, FA - U01	18/153

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2018	Næringsfondsstyret	PS	24.05.2018

Framlegg til vedtak - søknad om utvikling av kompetanseområde for småskala fornybar energi, Nøttveit næringsbygg.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 460 000,- tilskot frå næringsfondet til etablering av kompetanseområde for fornybar energi – Nøttveit næringspark. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknaden.

Følgande vilkår ligg til grunn for løyvinga:

1. Søkjar/mottakar må dokumentere bustad- og/eller kontoradresse i Modalen.
2. Aktivitet og/eller sysselsetjing må finne stad i Modalen.
3. Utbetaling av tilskot føreset godkjent byggjeløyve for tiltaket.
4. Dersom verksemda opphøyrer, vert solgt eller flytta innan 5 år frå tilsegnsdato, kan Modalen kommune krevje tilskot forholdsmessig tilbakebetalt. Det same gjeld dersom bygg, inventar og liknande som er finansiert med støtte frå næringsfondet vert nytta til anna føremål enn føresett.
5. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgått dokumenterte kostnader.
6. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlauf av fristen.

Saksopplysningar:

Einar Sofienlund ynskjer å etablere ei småskala kompetansekylnge på Nøttveit (gnr/bnr 73/1 og 2) som skal vere knytt opp mot utvikling av fornybar energi. Her planlegg han å utvikle samarbeid med andre aktørar kor ein med utgangspunkt i vasskraftressursane skal kunne ta steg vidare.

Søknaden rettar seg mot å få bygd og satt i drift eit lokalt næringsbygg på Nøttveit som skal kunne ivareta fleire funksjonar. Kostnad er rekna til kr. 920 000,- kor søkjar ber om 50 % i tilskot frå næringsfondet.

Bakgrunn

Sofienlund har vist til betydeleg bransjekunnskap og fagkompetanse på ulike område knytt til vasskraft. Han er no undervegs med å få etablert eit vasskraftverk på 6000 KW som er planlagt satt i drift i 2019.

Søkjar viser til at Modalen kommune med si vasskraftshistorie og sin kompetanse er godt eigna til å vidareutvikle fornybarproduksjon på fleire vis. Modalen kan såleis ha moglegheit til å utvikle eit kompetansemiljø.

Vurdering

Søkjar viser til fleire underprosjekt i søknaden sin som er aktuelle i kompetansekyngemiljøet på Nøttveit:

1. Bygge mikro- og småkraftverk i Nøttveitelva. Dette er eit elvekraftverk utan reguleringsmagasin
2. Hydrogen- og oksygenproduksjon. Søkje å vidareutvikle hydrolyseanlegg i tilknytning til mikrokraftverk. Slik kan ein vidareforedle energi til eit meir verdfullt produkt lokalt. Målsetjing er å få bygd ein tilleggsmodul – eit hydrolyseanlegg på Nøttveit.

Greenstat arbeider med eit nasjonalt innsamlingssystem for vidaresal av hydrogen som kan bli produsert på ulike midre produksjonsanlegg rundt omkring i landet. Eit mål for arbeidet på Nøttveit er å kunne planlegge og produsere slike maskiner for sal til privatpersonar/bedrifter.

3. Pico vasskraftverk. Dette er allereie utvikla og satt i drift. Vidare er det eit mål å få dette ut i marknaden.
4. Historisk bruk av vasskraft i Modalen. Det gamle vasskraftverket ifrå 1940 er rehabilitert. Det kan, og bør nyttast for turisme/visning. Næringsbygget vil få ein funksjon m.a. for mottak av besøkande.
5. Kvernhus og sag basert på vasskraft. Utvikle museum/visning for å få danna eit heilskapleg kulturmiljø knytt til vasskraft. Næringsbygget vil kunne vere mottak for besøkjande.
6. Nøttveit næringsbygg. Etablere næringslokal knytt opp mot utvikling av stadbunden næring relatert til vasskraft. Søkjar planlegg følgjande funksjonar for næringsbygget:
 - Lokal for dataprosessering og lagring.
 - Møterom/kontor/lager
 - Korttidsutleige
 - Visning av kraftverk til turistar og reiseliv.
 - Konseptdesign av ny type mikrokraftverk.
 - Prototype testing og design av Hydrogen-injeksjon i forbrenningsmotorar.

Søkjar viser til at prosjektet er i tråd med Modalen kommune sin strategiske næringsplan på fokusområda

- *naturressursar*
 - Leggje til rette for foredling av naturressursar som vatn.
 - Aktivt støtte verksemdar som ynskjer å byggje på lokale naturressursar.
- *gründer, etablering, entrepenør og innovasjon.*
 - Modalen skal vere utviklingsorientert og nytenkjande

- Legge til rette for felles etableringsmiljø.

Næringsfondsvedtektene vektlegg i sine kriteriar grad av sysselsetjing- og busetnadseffekt. I tillegg nyskaping og vidareutvikling.

Rådmannen si vurdering er at prosjektet i høg grad er utviklingsorientert, men at det ikkje på noverande tidspunkt kan konkretiserast med omsyn til arbeidsplassar. Det er sannsynleg at utviklingsidèar er det som i framtida skal resultere i *både* arbeidsplassar og busetnad. Tiltaket er i høg grad eit nyskappingsprosjekt og vidareutvikling/kompetanseklunge omkring vasskraft på Nøttveit står sentralt.

Difor vert tiltaket plassert i tildelingskategori 3, samla stønad inntil 50 %.

Konklusjon

Rådmannen ynskjer å stimulere til at det vert utvikla kompetansmiljø i Modalen. I den samanheng er prosjektet til Sofienlund både faginteressant og aktuelt. Rådmannen rår til at prosjektet vert løyvd tilskot på kr. 460 000,-.

Næringsfondsstyret - 010/2018

NF - behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte kort om bakgrunnen for søknaden og innstillinga til vedtaket.

Einar Sofienlund orienterte om innhaldet i søknaden og svarte på spørsmål frå Næringsfondstyret.

NF - vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 460 000,- tilskot frå næringsfondet til etablering av kompetanseområde for fornybar energi – Nøttveit næringspark. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknaden.

Følgande vilkår ligg til grunn for løyvinga:

1. Søkjar/mottakar må dokumentere bustad- og/eller kontoradresse i Modalen.
2. Aktivitet og/eller sysselsetjing må finne stad i Modalen.
3. Utbetaling av tilskot føreset godkjent byggjeløyve for tiltaket.
4. Dersom verksemda opphøyrer, vert solgt eller flytta innan 5 år frå tilsegnsdato, kan Modalen kommune krevje tilskot forholdsmessig tilbakebetalt. Det same gjeld dersom bygg, inventar og liknande som er finansiert med støtte frå næringsfondet vert nytta til anna føremål enn føreset.
5. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgått dokumenterte kostnader.
6. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlauf av fristen.